Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Höytransport

Oppskr. av: Svein Molaug

(adresse): Norsk Folkemuseum

Fylke: Austfold

Herad: Degernes

Bygdelag:

Gard: Langsbakken

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Julie Langsbakken, född 1869 på Kelund i Degernes. gift hit.

SVAR

1. Ein viss forskjel var det på store og små gardar. M. a. var det så små låvar at dei kunne ikkje kjöre inn på småbruka og husmannsplassene

Det var ikkje så pass myrar her at dei slo på det. Har höyrt, men ikkje sett det. Dei "lana" mykje "ospelau" og "björk" og "vir". Ospa var det svåraste. Batt ihop til store "kjerv" dei hengte opp og törkka. Men også slo av smågreiner også og hadde det i forkorgen eller anna. For det måtte ikkje ligge ute om natta, for kom det dögg på, vart det fordærva. Kjerven bar dei i 2 kvista greiner ~~—~~

Den som ikkje hadde hest bar höyet inn på ryggen. Såg ein gong dei hadde nokre greier av gjorder som dei bretta ihop og bar på ryggen. Tvau dei batt ihop övre endane



1052

med tau



(Svigerdottera har sett bestefaren brukka slik ei på Gröva i Skjeberg.)

truleg slik meina ho.

Har høyrt dei har slått med eit tre og drege høyet inn på det. Han bestefar fortalde om det.

Såg ein som batt i eit tau lagd dubbelt og smette endane inn i bukta og bar på ryggen over aksla. Slumpa dei fekk hjelp til å reise seg. Stod bak og lyfta i. Ikkje sett snoresekk, høypestrung eller trillebør.

Har sett dei har båre inn "grønfor" om hausten like i det seinaste på "båre". Brukka ei "grind" på vogna. Ikkje sett dei har brukka bera høy på den måten.

3 Ikkje utslått

4. Brukka "høyslae". Så ein gong dei kjørde høy med 2 hjul og meina det var nokko framme, truleg meiar. Det var på Grehot. Hjula stod langt bak. Ho var gjentunge då. Seier nå både "Høyslae" og "Høyvogn". I Skjeberg seier dei "Høyvogn" her helst "Høyslae". Den er lik nå som då ho var liten. Hadde 4 hjul med forstilling. Kunne lyfte opp når ein tok tå "draget". "Grimor" på alle kantar. "Karane" keitte dei framme og bak



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Før var grinnane högare enn nå.
Men karane var ikke höge før som
nå. Hadde "lessestong" oppå lasset.
Sume kallar det også for "bennestong"
Foreldrane heime sa helst "lessestong"
Den var gjerne lette bua. Det var
ein kjetting med krok i eine enden.
Sette stonga under "sprilla" i
framaste enden og sette kroken
i bakk. Kalla det visst å "kneppe
på lessestonga.
Hadde bare ein hest men på store
gardar hadde dei 2 hestar framføre.

1052

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING